



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

SØK LÆREPLASS

– Vær ein aktiv søkjar



Kjære Søkjar


Det å søkje læreplass er noko av det viktigaste du har gjort så langt i livet. Det er mange rundt deg som ønskjer at du skal lukkast. Det er mange lærebedrifter som ventar på søknad frå deg.

I dette heftet har vi samla nokre gode tips for deg som søkjar. Bruk desse tipsa og vit at den som er ein aktiv søkjar, den som fremjar seg sjølv, er også den som har størst moglegheit for å lukkast.

Vi er mange som ønskjer at du skal få læreplass; skulen din, læraren din, vi på fagopplæringskontoret og mange fleire. Nøl ikkje med å bruke nettverk rundt deg. Ingen spørsmål er for dumme.

Din suksess er vår suksess. Treng du hjelp med noko i forbindelse med søking til læreplass, er vi til stades og vil svært gjerne hjelpe til.

Lykke til som søkjar til læreplass.



Torbjørn Mjelstad
Fagopplæringsjef i Hordaland.



Kvifor bli lærling?

- Som lærling lærer du deg eit yrke gjennom praktisk arbeid i ei bedrift
- Fagbrev er òg ein veg til vidare utdanning. Fagbrev i kombinasjon med utdanning frå fagskule, høgskule eller universitet er attraktivt på arbeidsmarknaden.
- Løn under utdanning. Det kan løne seg å ta fagbrev eller sveinebrev. Ein kjem fortare i løna arbeid og skaffar seg etterspurd kompetanse.



Korleis søker du lære plass?

- Registrer ønske ditt på **www.vigo.no** innan 1. mars. Sjølv om du har fått avtale om lære plass må du registrere ønske om lære plass på **www.vigo.no** og krysse at du har avtale med bedrift.
- Sender søknad og CV direkte til bedrifter og er ein aktiv søker.
- Oppsøk «draumebedrifta» og høyr om dei kunne tenke seg å bli lærebedrift for deg. Dersom du viser initiativ og tar direkte kontakt med lærebedrifter vil dette styrkje sjansane dine for å bli kalla inn til intervju.
- Bedriftene legg stor vekt på fråvær ved val av lærling. Dersom du kan dokumentere fråværet, er det viktig at du legg dette ved søknaden til bedrift.



Eit godt råd er å møte opp personleg og å følgje opp søknaden med ein telefon. Det er også lurt å få med seg referanse og attest frå bedrifter du har hatt praksis hjå medan du gjekk på skule.

Viktige datoar

- 1. mars** Søknadsfrist for å søkje læreplass og skule gjennom Vigo.
- Ca 20. juni** Alle søkjarar som ikkje har ungdomsrett og som ikkje har fått læreplass vert tekne ut av formidlinga.
- Rundt 1. august** Alle søkjarar som ikkje har fått læreplass, og som ikkje er kvalifiserte ved å ha meir enn 2 stryk/ eller IV i fellesfag, stryk i programfag eller stryk i tverrfagleg eksamen, får invitasjon til undervisning for å ta manglande fag på nytt.
- 15. august** Hordaland fylkeskommune vil ta kontakt med alle kvalifiserte søkjarar med ungdomsrett som ikkje har fått læreplass. Det er då særst viktig at du svarar oss dersom du fortsatt ønskjer læreplass.
Dersom du ikkje svarar, får du ikkje anna tilbod.





9 Råd for å få lære plass

- Vær tidleg ute! Start jakta på lære-plassen allereie i januar eller februar.
- Bruk utplassering i yrkesfagleg fordjuping (YFF) til å finne potensielle lærebedrifter og for å skaffe deg referansar.
- Ta ansvar og vis interesse! Det er ein fordel om du kontaktar bedriftene direkte.
- Bank på mange dører, og ikkje vær redd for å få et nei!
- Det er viktig at du får vist deg frå di beste side. Jobb godt med CV, søknad og førebu deg til intervju.
- Kjenn deg sjølv og dine positive eigenskapar. Då vert det lettare å overtyde ein arbeidsgjevar om å velje nettopp deg.
- Mange bedrifter lyser ut ledige læreplasser på heimesida si, eller på **finn.no** og **nav.no**. Sjekk nettsidene kvar veke fram til du har sikra deg læreplass.
- Oversikt over godkjente lærebedrifter finn du på **vilbli.no**, her finn du også kontaktinformasjon til opplæringskontor som kan hjelpe deg.
- Dersom du ikkje finn deg læreplass på eiga hand bør du be om hjelp. Kontakt fagopplæringskontoret i fylkeskommunen enten på telefon eller spør rådgjevar på skulen.





Råd og tips i søknadsprosessen

Send søknad med CV og kopi av vitnemål og attestar.

Eksempel på søknad: [KLIKK](#)

Eksempel på CV: [KLIKK](#)

Eksempel på CV/søknad: [KLIKK](#)



Oppfølging av søknad

- Om du ikkje får svar frå bedrifta, ta ein telefon til bedrifta etter nokre veker.
- Vær tilgjengelig på e-post og telefon.
- Ring opp igjen sjølv om du ikkje kjenner nummeret som har ringt deg.
- Tenk over kva melding du har på telefonsvararen din.



Her finn du lærebedrifter

www.vilbli.no

- alle er godkjente lærebedrifter.

www.utdanning.no/finnlarebedrift

- her finn du alle bedrifter, du kan filtrere ned til ønska lærefag og kommune.

Lag deg ein søknadslogg: [KLIKK](#)

Slik kan du førebu deg på intervju: [KLIKK](#)





Viktig å vite

- Ingen har rett til læreplass
- Takker du nei til læreplass vil du ikkje få anna tilbod frå fylkeskommunen
- Har du søkt skuleplass på lågare ønskje enn læreplass (for eksempel påbygg) og får tilbod og takkar nei, får du ikkje anna tilbod frå fylkeskommunen, som alternativ Vg3-opplæring i skule
- Kvalifiserte søkjarar med ungdomsrett som ikkje har fått tilbod om læreplass eller skuleplass, kan bli gitt tilbod om alternativ Vg3-opplæring i skule i eige eller anna fylke.
- Alle som har bestått fag- eller sveinebrev har rett til eitt år påbygg til generell studiekompetanse ut det året dei fyller 24.

Meir informasjon finn du på
www.hordaland.no/larling

Vedlegg

Eksempel på ferdig søknad om læreplass

Eksempel på søknad og CV

Slik kan du bygge opp ein søknad om læreplass

Eksempel på søknadslogg

Eksempel på intervjuforebuing

Eksempel på ferdig søknad om læreplass

Clark Kent
Metropolisveien 1
5053 Smallville
Tlf: 939 39 393
Epost: clark.kent@coldmail.no

Bergen, dato

Byggmester Bob
Markelien 225
5005 Bergen

Søknad om læreplass som tømrer

Viser til hyggelig telefonsamtale med arbeidsleder Bjarne Hansen 10. mars. Sender som avtalt søknad om læreplass i deres bedrift.

Jeg er en ung mann på 17 år som går på vg2 byggteknikk på Slåtthaug vgs, til høsten ønsker jeg læreplass som tømrer. Jeg er en aktiv ungdom som liker å holde meg i form, og jeg er en sosial person med godt humør.

Jeg har hørt mye positivt om Byggmester Bob, og synes det virker som en spennende bedrift å være lærling i. At bedriften jobber med så mange ulike prosjekter gjør at jeg tenker at det må være en god plass å lære. Jeg ønsker læreplass fordi jeg ønsker å bli en god tømrer, og er ivrig etter å lære mest mulig.

Jeg håper jeg kan være en ressurs for bedriften allerede i læretiden. Jeg har lært mye byggfaglig de to siste årene på skolen, men først og fremst har jeg lært mye i de to periodene jeg har vært utplassert. I disse periodene lærte jeg mye om hvordan en tømrer utfører ulike arbeidsoppgaver, men også viktigheten av HMS, samarbeid og utføre et arbeid som kunden vil være fornøyd med.

Dersom dere gir meg muligheten til å bli lærling hos dere vil dere få en svært motivert lærling, som er lærevillig og ikke redd for å ta i et tak.

Jeg kommer gjerne på et møte slik at vi kan bli bedre kjent.

Med vennlig hilsen

Clark Kent

Eksempel på søknad og CV

CV

Clark Kent

Metropolisveien 1, 5053 Smallville

Født: 19.06.99 // Mobil: 93939393

Epost: clark.kent@coldmail.no

Nøkkelkvalifikasjoner:

Ung mann med stor interesse for tømmerfaget. Trives med å jobbe praktisk, både ute og inne.

Utdanning:

08.16 – d.d.	Byggteknikk, vg2	Slåtthaug vgs.
08.15 – 06.16	Bygg- og anleggsteknikk, vg1	Årstad vgs.

Arbeidserfaring:

09.16 – 09.16	Utplassering 4 uker, i YFF	Byggmester Geir Knudsen
	<i>Arbeidsoppgaver: isolering, gipsing, montering av vinduer og dører, i et nybygg.</i>	
06.16 – 07.16	Sommervikar	Rimi Vestkanten
	<i>Arbeidsoppgaver: varepåfylling, kundebehandling og rydding.</i>	
11.15 – 12.15	Utplassering 3 uker, i YFF	Laksevåg Bygg AS
	<i>Arbeidsoppgaver: lekting, montering av himling og legging av gulv, i et rehabiliteringsprosjekt</i>	

Annen erfaring:

01.15 – d.d	Hjelptrener for gutter 12 fotball, Nydalen IL
08.15 – 06.16	Eleverdsrepresentant, Årstad vgs.

Kurs:

- Truckførerbevis
- Trafikalt grunnkurs, holder på å ta førerkort
- Livredningskurs gjennom Røde kors
- Trenerkurs gjennom Nymark IL

Språk:

- Norsk: morsmål
- Engelsk: behersker godt muntlig og skriftlig

Fritidsinteresser:

Liker å gå tur i fjellet, se film og høre på musikk. Ellers liker jeg å være sosial med venner.

Referanser:

Perry White, arbeidsleder hos Byggmester Geir Knudsen, tlf: 99999999
Jimmy Olsen, fotballtrener i Nydalen IL, tlf: 99999999

Slik kan du bygge opp ein søknad om læreplass

Søknad og CV

Namnet ditt:		
Adressa di:		
Postnummer og stad:		
Tlf:		Dagens dato:
Epost:		

Namn og adresse til bedrifta.

Søknad om læreplass som _____

Her skriv du kvar du fann stillinga, eller viser til kven du har snakka med i bedrifta.

Her skriv du kort om deg sjølv.

Her skriv du at du ønskjer læreplass, og kvifor du ønsker det i deira bedrift.

Her skriv du kvifor du meiner at bedrifta skal satse på akkurat deg.

Eg kjem gjerne på eit møte slik at vi kan bli betre kjent.

Mvh

Her skriv du namnet ditt.

Eksempel på søknadslogg

Eksempel på søknadslogg

Søknadslogg for Clark Kent

Her har vi vist noen eksempler. Vår anbefaling er at du sender søknad til mange bedrifter, gjerne også til bedrifter utenfor ditt lokalområde. Det vil øke dine sjanser til å få den læreplassen du ønsker.

Bedrift:	Kontaktperson og kontaktnfo:	Dato og opplysninger for siste kontakt:	Status og videre oppfølging:	Annet:
Laksevåg Bygg	Ove Monsen, daglig leder Tlf: 94949494 E-post: ove.monsen@lbygg.no	8. mars: Sendte mail med søknad og CV. 9. mars: Svar på mail om at de ikke tar inn lærlinger i år.	Ingen videre oppfølging.	
Byggmester Bob	Bjarne Hansen, arbeidsleder Tlf: 95959595 E-post: bjarne@bygg-bob.no	10. mars: Snakket med Bjarne på telefon, fikk beskjed om sende inn søknad. Sendte inn søknad og CV samme dag.	Ringe de innen to uker (24. mars) dersom jeg ikke har fått svar.	
Byggmester Tove Olsen	Ole Olsen, faglig leder Tlf: 5552255 E-post: post@tove-olsen.no	11. mars: Gikk på besøk hos bedriften og traff Ole Olsen. Han tok i mot søknaden, og sa at de ville bestemme seg for lærling i løpet av mai.	Ringe de i midten av mai hvis jeg ikke har fått svar.	

Intervjuet

Korleis kan du førebu deg til intervju med ei lærebedrift?

Det er bedriftene sjølv som vel kven som skal få tilbod om læreplass i bedrifta. Du er ikkje garantert ein læreplass sjølv om du har gode karakterar. Ofte vert aktuelle kandidatar kalla inn til intervju. Du bør førebu deg best mogleg til eit slikt intervju. Under følgjer nokre råd i ein slik førebuingsspross.

Skaff deg informasjon om den aktuelle lærebedrifta på førehand. Det er ikkje meininga at du skal kjenne bedrifta ut og inn, men det kan gjere det lettare for deg å stille spørsmål om bedrifta og arbeidet dersom du har ein viss kunnskap om bedrifta på førehand. På denne måten viser du og interesse for læreplassen.

- Førebu nokre spørsmål som viser at du er interessert i bedrifta og læreplassen.
- Tenk gjennom kvifor du ønskjer læreplass i akkurat denne bedrifta. Det kan hende du blir spurt om nettopp dette – da er det lurt å ha eit svar som oppfattast som positivt. Eksempel: «Eg synes det virkar som et veldig spennande yrke.», «Eg har alltid hatt lyst til å bli motormekanikar, og dette virkar på meg som en fin bedrift å arbeide i.»
- Tenk gjennom dine egne positive og negative sider. Dette vert det ofte spurt om, det kan og være lurt å trene på å svare på slike spørsmål på førehand. Det kan lønne seg å plukke ut ein negativ eigenskap som kan vinklast positivt. Er du for eksempel utålmodig av natur, kan dette sjåast i samanheng med at ein ønskjer å sjå resultat av det ein gjer. Det viktigaste er å ha et realistisk bilete av seg sjølv.
- Rollespel kan være nyttig: La ein du kjenner godt, intervju deg, slik at du får trening i å svare på spørsmål om deg sjølv. Du kan også stå framfor ein spegel og «intervju» deg sjølv.
- Tenk gjennom kva klede du har på deg når du stiller til intervju – du skal ikkje være overpynta, men det er ein fordel å sjå velstelt ut.
- Fyrsteintrykket er viktig – eit fast handtrykk og augekontakt virkar alltid positivt.
- Vis at du er interessert i bedrifta og læreplassen. Still gjerne spørsmål undervegs, men la bedrifta leie samtalen.

Viktigast av alt: Vis at du har lyst på jobben!



Viktige lenkjer

www.vigo.no

www.finn.no

www.nav.no

www.utdanning.no/finnlarebedrift

www.hordaland.no/larling





**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen
Telefon: 55 23 90 00
E-post: hfk@hfk.no
www.hordaland.no

Januar 2019